



Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal-/samfunnsplanavd.
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1696 - 16/10079

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

24.05.2016

Høyring - søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona for utlegging av flytebrygge på Holme, gbnr 10/100.

Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå tiltakshavar Tove Hassel Bratland , motteke 06.05.2016, om dispensasjon frå føresegnene til kommuneplanen sin arealdel pkt 1.6., jf plan- og bygningslova § 1- 8, for utlegging av ei flytebrygge på Holme, gbnr 10/100.

Planstatus:

Egedomen, gbnr 10/100, er i reguleringsplan for Holme/Holmeknappen, planid 125619940907 – definert som friluftsområde.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon for tiltaket, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF-sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1- 1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering

Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge.

Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål .

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd., Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga, Hordaland fylkeskommune – fylkeskonservator og kulturavdelinga i Meland kommune til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - flytebrygge GBNR 10/100

kart og skisse

10-100 1_1000

10-100 1_3000

Kopi til:

Tove Hassel Bratland	Ekornvegen 10	5236	RÅDAL
----------------------	---------------	------	-------

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal-/samfunnsplanavd.	Postboks 7310	5020	BERGEN
--	---------------	------	--------

Hordaland Fylkeskommune	Regionalavdelinga	5020	BERGEN
-------------------------	-------------------	------	--------

Hordaland fylkeskommune - Fylkeskonservator		5020	BERGEN
--	--	------	--------

Meland kommune - kulturavdelinga